

Referat frå årsmøte 2016

Volda Turisthotell 16. februar 2017

Frammøtte: 32 medlemmar.

1. Opning, godkjenning, val av møteleiar og referent.

Leiar Inge Innerdal ønskte velkommen. Innkallinga og sakslista vart godkjent utan merknader.

Inge Innerdal vart valt til møteleiar og Herulf Brattli vart valt til referent.

2. Årsmelding frå styret.

Årsmeldinga for 2016 vart lesen av Inge Innerdal. Årsmøtet hadde ingen merknader til denne, og årsmeldinga vart godkjent.

3. Rekneskap for 2016.

Eivind Oppsal presenterte årsrekneskapen for 2016. Likviditeten i laget er god, men ein hadde i året som gjekk noko større utgifter enn inntekter. Dette skuldast for det meste nokre uforutsette eingongsutgifter. Viss ubalansen held fram i åra som kjem, bør ein vurdere å auke kontingenten slik at ein unngår å tære for mykje på eigenkapitalen.

På grunn av sein ferdig rekneskap var ikkje revideringa blitt gjort før årsmøtet, men møtelyden slutta seg til eit framlegg om at rekneskapen kunne godkjennast sjølv om revideringa kom i ettertid. Skulle revisor finne avgjerande manglar, ville det bli innkalla til nytt årsmøte. Årsmøtet godkjende rekneskapen med desse atterhalda.

4. Budsjett for 2017.

Bjørnar Sæterås presenterte styret sitt framlegg til budsjett for 2017. Styret hadde tatt utgangspunkt i budsjettåret 2016 og gjort nødvendige tilpassingar.

Skulle det påløpe store ekstra utgifter i samband med ny eigar av Volda Hamn, ville medlemmane bli innkalla til omframt årsmøte om denne saka. Årsmøtet hadde ingen merknader til budsjettet.

5. Fastsetting av hamneavgift og pris pr breiddemeter for 2017.

Framlegget frå styret er å halde hamneavgifta og breiddemeterprisen uendra for 2017. Altså: Hamneavgift kr 1500,- for medlemar med fast plass og kr 700,- for medlemar utan fast plass, og breiddemeterpris kr 17000,-

Framlegget vart vedteke samrøystes.

6. Innkomne saker

Det var ingen innkomne saker.

7. Val

Valnemnda si innstilling til val 2017.

Styre:

Inge Innerdal: styreformann (1 år)

Arne Ullaland: styremedlem (1. av 2 år)

Lennart Haugen: styremedlem (1. av 2 år)

Bjørn Brudevoll: styremedlem (2. av 2 år)

Bjørn Innselset: styremedlem (1. av 2 år)

Vara til styret:

Herulf Brattli varamedlem (1. av2 år)

Einar Rostad varamedlem (2. av2 år)

Vedlikehaldsnemnd Volda hamn:

Knut Innselset (1. av2 år)

Jon Rønnestad(1. av2 år)

Vedlikehaldsnemnd Rotset hamn:

SverreAasen(1. av2 år)

Sigmund Høydal(1. av2 år)

Revisor

Jan Lidvar Vikestrand

Valnemnd:

Jon Harald Sandblost

Stian Meek

Jostein Aasen

Årsmøtet slutta seg til valnemnda si innstilling med akklamasjon.

Årsmøtet vart avslutta med matøkt, og etter denne orienterte Lars Fjærvold, Volda kommune, om følgjande:

-Sentrumsprosjektet

-Kjøp av Volda hamn.

Volda den 16. februar 2017

Herulf Brattli

-referent